


Digitale sjukmeldingar

Brukarretteiing
Askvoll kommune



INNFØRING AV DIGITALE SJUKMELDINGAR → Kven gjer kva?

Løn/Personal gjer følgende:

- Henter sjukmeldingane i Altinn frå 01.01.18
- Arkiverer alle sjukemeldingar elektronisk i Altinn

Næraste leiar gjer følgende:

- Ved sjukdom → arbeidstakar skal ringe til næraste leiar
Følg opp tilsette so har meldt frå om sjukefråvær; at elektronisk sjukmelding faktisk blir levert av den tilsette og kjem opp i www.nav.no
- Hent sjukmeldinga når du får ei slik melding på e-post/sms:

Hei.

Du har fått tilgang til sykmeldingen til en av dine ansatte fordi du er meldt inn som nærmeste leder med personalansvar.

Følg denne lenken for å se sykmeldingen:

<https://tjenester.nav.no/sykefravaerarbeidsgiver>

Du kan også gå til www.nav.no/dinesykmeldte.

Du må logge inn med BankID eller tilsvarende for at vi skal være sikre på at sykmeldingen kommer fram til rett person.

Vennlig hilsen NAV

- Registrer i Visma Ressurstyring og evt andre system som blir nytta.
- Det kan framleis komme sjukmelding på papir for enkelte tilsette + dei som har vedtak om fritak for arbeidsgjevarperiode → sende C-delen og D-delen til løn.
- **Hugs:** Ingen kopiar av sjukmeldingar skal oppbevarast på arbeidsplassen når dei er levert digitalt. Alt ligg lagra i Altinn og Visma.
- Oppfølging av sjukmeldte.

Tilsett gjer følgande:

1. På sjukmeldingstidspunktet

- Stadfest og godkjenn elektronisk sjukmelding frå NAV
[Rettleiing frå NAV på korleis du stadfestar/godkjenar sjukmeldinga](#)
- Har du eller har du hatt andre ytingar (arbeidsavklaringengar/uførepensjon) frå NAV før sjukmelding, sjekk med NAV/arbeidsgjevar om du har rett til sjukepengar.
- Elektronisk sjukmelding leverast arbeidsgjevar frå www.nav.no
- Dersom ein har papirutskrift av sjukmeldinga skal denne leverast leiar som tidlegare
- Dersom ein tilsett har fleire arbeidsforhold innanfor kommunen (t.d både skule og barnehage) med ulikt bedriftsnummer, og er sjukmeld frå alle, må ein levere ei sjukmelding for kvart bedriftsnummer, dvs at legen må skrive ut ei sjukmelding for alle arbeidsforhold

Døme for tilsett som er 100 % sjukmeldt:

50 % tilsett i Røverompa barnehage

Timevikar SFO

Timevikar Holmedal barnehage

➔ *Her må det leverast 3 sjukmeldingar, ein til kvar «bedrift»/eining. Dette er viktig for at timevikarar skal få sjukepengar.*

2. Fram til sjukmeldinga går ut

- Kva skjer etter at du har levert sjukmeldinga? [Rettleiing frå NAV](#)

3. Når sjukmeldingsperioden er over

- Når sjukmeldingsperioden er over, må tilsette fylle ut krav om sjukepengar etter melding frå NAV
[Rettleiing frå NAV på korleis du fyller ut krav om sjukepengar](#)

Hugs at du må gjere følgande:

- Registrere eventuelle eigenmeldingar som har vore nytta i forkant av sjukmeldinga
- Legge inn gjennomsnitt av arbeidde timar (gjennomsnitt for heile sjukmeldingsperioden – ta kontakt med nærmaste leiar eller løn/personal om ein treng hjelp til å berekne snittet)
- Hake av for at arbeidsgjevar forskutterar/betalar ut sjukepengar (gjeld tilsette med fast løn eller avtalt stillingsprosent/avtalte arbeidsdagar)